

TIL UTANRIKSDEPARTEMETET

HØYRINGSUTTALE OM NOU 2012:2 UTENFOR OG INNENFOR

FRÅ ATTAC NOREG

Innleiing

Attac er del av ei global rørsle for rettferd, demokrati og fred. Vi trur på folkeleg engasjement som verkemiddel for å styrke medborgarane si makt over samfunnsutviklinga, og meiner økonomisk liberalisme må erstattast av økonomisk demokrati der solidaritet er overordna.

Dagens EØS-avtale korkje bidreg til eller legg til rette for ei slik endring. Som innspela våre vil vise, gjer avtalen det tvert om vanskelegare å nå desse måla, og Attac ønskjer ein annan avtale, eller ein *annleis* avtale, for å ivareta handel og samarbeidsrelasjonar mellom Noreg og EU-land. Sjølv om vi primært ønskjer djupgåande endringar, har Attac i denne høyringsuttalen også fokus på det avgrensa handlingsrommet Noreg har innanfor dagens avtaleverk med EU.

Innspel 1: NOUen påpeiker tydeleg, grundig og med all rett at EØS-avtalen lir av eit demokratisk underskot.

Vi viser særleg til avsnitt 26.4 s.826- 837 i NOUen.

EØS-avtalen stadig grip inn på stadig nye område og har vorte langt meir omfattande enn det ein såg for seg – og vart lova - i 1992. Attac vil i denne samanhengen særleg understreke utfordringa med rettsleggjing av politikken, korleis makt i stadig større grad flytta over frå politiske organ til domstolane. Desse domstolane tek avgjerder med basis i eit regelverk som berre kan endrast dersom ei rad politiske organ i mange land samstundes vil endre det. Dette fråtek i praksis folket retten til å styre utviklinga både i EU og i EØS-land. Vi saknar ei breiare omtale av det demokratiske underskotet i heile EU-prosjektet, dette underkotet gjeld ikkje berre EØS.

Innspel 2: Faglege rettar er eit område der brot på føresetnader for EØS-avtalen har vore særleg tydelege. NOUen underkommuniserer problematiske sider ved at EU-retten grip inn i høvet mellom partane i arbeidslivet. Inngripen blir også framstilt langt meir ukontroversiell enn han er.

Om vikarbyrådirektivet seier NOUen at «deler av fagbevegelsen er bekymret» (NOU s. 445). Faktum er at eit samla LO gikk imot direktivet og har kome med kraftige åtvaringar om utholing av arbeidsmiljølova. Vel å merke heng formuleringa saman med tidspunktet for utgreiinga.

Om kontroversielle EU-dommar seier NOUen at Laval-dommen «ikke er aktuell etter gjeldende norsk rett» og har «ikke hatt noen direkte betydning i Norge» (NOU s.461). I ettertid har EFTA-domstolen gitt ei rådgevande uttale i samband med rettssaka om allmenngjing i skips- og verftsindustrien. Her er Laval-dommen direkte relevant, og enkelte av dei allmenngjorte vilkåra blir vurdert å vera i strid med EU-retten.

Det har også nyleg kome ein dom frå Høgsterett som baserer seg på ein EU-dom, og som vil føre til endringar i tariffavtalen for norske pilotar. Det er første gong EU-lovgjeving overprøvar norske tariffavtalar.

Vi viser til NOUen s. 473:

«Utvalgets flertall har merket seg at hovedorganisasjonene i arbeidslivet, med LO og NHO i spissen, hele veien har stått sammen om å forsvare EØS-avtalen og sett den som en nødvendig ramme for å ivareta norske virksomheters og arbeidstakeres interesser i Europa. Etter de turbulente 1980-årene har EØS-kompromisset der-med vært med å skape betingelser for det stabile samarbeidsklimaet i arbeidslivet i perioden.»

Samstundes blir ikkje LO-kongressen sitt vedtak frå 2009 om å krevje utgreiing av EØS-avtalen nemnt. Heller ikkje at både Fagforbundet og Fellesforbundet har slutta opp om prosjektet *Alternativer til dagens EØS-avtale*, som nyleg leverte den relativt omfattande Alternativrapporten.

Attac føreslår:

Å utnytte det handlingsrommet som både politisk og juridisk er tilstades. Regelverk som det er stor folkeleg motstand mot i Noreg, og som norske politikarar sjølv aldri ville føreslått, er det ingen grunn til å akseptere. Døme på dette er vikarbyrådirektivet. I følgje ODA-avtalen (Avtale mellom EFTA-statene om opprettelse av et Overvåkingsorgan og en Domstol) artikkel 5 er det EØS-rådet som skal ta «politisk avgjørelse som fører til endring av avtalen», medan ESA utelukkande skal «sikre at EFTA-landene oppfyller sine forpliktelser etter EØS-avtalen». Dette kan og bør handhevast i langt større grad.

Det same gjeld norske domstolar. Desse skal ikkje kunne leggje til grunn ny EU-rett, som ligg utanfor det Noreg har forplikta seg til gjennom EØS, med mindre det uttrykkeleg er meint frå lovgjevaren si side. Laval-dommen blir no trekt inn i vurderinga av ei norsk lov og tariffavtale. Det er eit politisk ansvar å sikre rettstryggleik, og det skal vera ein fridom for partane i arbeidslivet å forhandle fram avtalar.

Regelverket på arbeidslivsområdet i EU ser ut til å utvikle seg i stikk motsett retning av dei omsyn som ligg til grunn for reguleringa av arbeidslivet i Norge, til dømes gjennom arbeidsmiljølova. Attac meiner Noreg må vurdere å trekkje heile arbeidslivsområdet ut av vårt avtaleverk med EU.

Innspel 3: NOUen underkommuniserer problematiske sider ved den marknadliberaliseringa som EØS-avtalen har ført med seg.

Dette er eit gjennomgåande problem i utgreiinga. Men Attac vil særleg vise til følgjande:
NOU s. 356:

Generelt har tilpasningen til EU gjennom EØS-avtalen bidratt til en modernisering og liberalisering av norsk økonomi. Reglene om de fire friheter har ikke bare ført til at et vidt sett av restriksjoner på handel, direkte investeringer og næringsetablering er avvirket, men også til at hindringer for effektiv næringsutøvelse på nasjonalt nivå er redusert. Dette kan oversettes til høyere verdiskaping for bedriftene og lavere priser for forbrukerne. Reglene om statsstøtte, konkurranse og offentlige anskaffelser har medvirket til et mer effektivt marked, med økt velferd for fellesskapet som resultat.

NOU s. 357:

Det er åpenbart at denne gunstige økonomiske utviklingen ikke alene skyldes tilknytningen til EU gjennom EØS-avtalen. Utviklingen i norsk økonomi er også påvirket av en rekke andre viktige forhold. Like åpenbart er det for *flertallet* at samhandelen og integrasjonen med EU-landene er en av de sentrale forutsetningene for positiv økonomisk utvikling i Norge, og at EØS-avtalen ved å legge til rette for utvidelse og fordyping av denne integrasjonen de siste atten årene har bidratt til den gunstige økonomiske utviklingen.

Attac vil slutte seg til dissensen frå mindretalet i utvalet, Dag Seierstad, på s. 359-360. Mellom anna følgjande utdrag:

På de områdene hvor global handelsliberalisering og deregulering har trukket i samme retning som EØS-avtalen er det en særlig stor utfordring å isolere virkningen av EØS-avtalen for norsk økonomi. Utvalget kan ikke vite hvilken tilknytning til EU vi hadde hatt dersom vi ikke var medlem av EØS. Vi mangler derfor et relevant sammenlikningsgrunnlag for å kunne si noe forskningsbasert om EØS-avtalens effekter.

Dette medlemmet mener utenlandske investeringer kan ha tvetydige virkninger på norsk økonomi. De kan gi nyttige kunnskaps- og nettverkseffekter, men de kan også ha som mål å høste norske kunnskaper for å utnytte dem i andre deler av verden. Det er også mange eksempler på at utenlandsk kapital kjøper seg inn i norsk næringsliv, ikke for å utvikle bedrifter, men for å legge dem ned med sikte på å styrke virksomheten i andre land.

Dette medlemmet mener de strukturelle reformene fra begynnelsen av 1980-tallet – videreført av EØS-forpliktelser etter 1994 – har økt konkurransen i det norske arbeidslivet, og det har foregått en parallell utvikling med økende sykefravær, økende utstøting fra arbeidslivet og økende uføretrygding. Avregulerte markeder har bidratt til å øke inntektsforskjellene i Norge slik de har gjort i svært mange land.

Attac foreslår:

EØS-avtalen sin hovuddel byggjer på avtaleverket for den indre marknaden tidleg på 90-talet. EU har gjennomgått store endringar sidan den gongen, og på eit tidspunkt må truleg heile EØS-avtalen oppdaterast. Til og med i NOUen blir regelverket omtala som «åttitalls» og «ensidig markedsrettet». I ein forhandlingssituasjon der EU ønskjer nytt regelverk inn i EØS-avtalen, bør Noreg krevje at dei mest marknadsliberale elementa av hovuddelen blir teke ut.

Attac vil også minne om at handelsavtalar kan ha sosiale mål, vel så mykje som å vera ein katalysator for konkurranse og marknadsøkonomi. Det Latin-amerikanske handelssamarbeidet ALBA, er eit døme på dette. På Latin-amerika-gruppene sine nettsider kan ein mellom anna lesa følgjande om avtalen:

«Medlemslandene har tegnet opp fire “anti-kapitalistiske verdier” som ALBAs arbeid i teorien skal være basert på:

1. Komplementaritet i handlingsmønsteret som gir hvert land mulighet til å bidra med det de er sterkest på.
2. Gjensidig samarbeid.
3. Solidaritet mellom medlemslandene.
4. Respekt for nasjonal suverenitet.»

«ALBAs satsingsområder er blant annet utdanning, helse, rettferdig handel, matsikkerhet, telekommunikasjon, industri og energi. Mye av dette baserer seg på regionalt samarbeid mellom statlige bedrifter. Parallelt med disse satsingsområdene er det definert satsingsområder innenfor finans. Med et finanssamarbeid landene i mellom håper man å oppnå økt uavhengighet fra det internasjonale finanssystemet og multilaterale finansieringskilder. I tillegg til å opprette egne

institusjoner har organisasjonen støttet oppføringen av lignende institusjoner som Banco del Sur.»

Kjelde:

<http://www.latin-amerikagruppene.no/Artikler/12424.html>

Innspel 4: NOUen underkommuniserer problematiske sider ved at reglar for offentlige anskaffelser ikkje lenger blir lagt av norske folkevalde.

Vi viser til NOUen s. 543:

Utvalgets flertall skal påpeke at regelverket for offentlige anskaffelser har hatt stor betydning, ikke minst for kommunesektoren. Regelverket har ført til en nødvendig opprydding i og profesjonalisering av anskaffelsesvirksomheten i kommunene, og det er grunn til å tro at det også har gitt betydelige besparelser for offentlig sektor. *Utvalgets flertall* viser samtidig til at anskaffelsesreglene er kompliserte, og at KS mener regelverket er for rigid og vanskeliggjør nye samarbeidsløsninger på kommunalt nivå. *Flertallet* er enig med KS i at regelverket bør gjøres enklere, men vil påpeke at dette langt på vei kan gjøres på nasjonalt plan, innenfor rammene av EØS, gjennom en endring av de særnorske reglene for anskaffelser under EU/EØS-terskelverdiene og regelverkets anvendelse på uprioriterte tjenester.

Attac vil slutte seg til følgjande dissens frå utvalgets mindretall, Dag Seierstad:

Notat s. 21

En rapport fra Kommisjonen viser at de administrative merkostnadene ved anbudsreglene for offentlige anskaffelser er langt større enn tidligere antatt. Små oppdrag koster uforholdsmessig mye. Ifølge CEMR, Europarådets forum for kommuner og regioner, er innkjøpsreglene blitt så innfløkte at de er mer skadelige enn nyttige. Regelverket utløser for eksempel stadig rettssaker reist av dem som taper anbudskampene. Det fører til at oppdragsgiverne må legge mye arbeid i å verge seg mot at de kan trekkes inn for domstolene. Juridisk trygghet blir ofte viktigere enn å utforme anbudet slik at oppdraget kan utføres best mulig. Rettssakene fører til forsinkelser, usikkerhet og økte kostnader både for oppdragsgiver og leverandør/utbygger. Det er på det lokale nivået sakkunnskapen er størst når en skal avgjøre hva det er å vinne på en åpen anbudskonkurranse i 30 land i forhold til en mer begrenset anbudskonkurranse – eller på en kontrakt direkte med et lokalt firma. Men EØS-reglene gjør det ikke mulig å skille mellom anbud som krever utleggelse på EØS-nivå og helt lokale anbud med hver sine terskelverdier.

Attac føreslår:

Det må både formelt og reelt vera opp til kvar einskild kommune kva oppgåver som skal løysast i offentleg regi. Om kommunen utfører ei teneste i eigenregi, treng ho ikkje ut på anbud, og blir ikkje råka av EØS-regelverk for slike prosedyrar. Dette må sjølvstøtt bli opp til dei folkevalte, men i kor stor grad det trengs «nødvendig opprydding i og profesjonalisering», må vera ei lokal vurdering. Det er også viktig at staten informerer kommunar og fylkeskommunar om korleis EØS-regelverket fungerer, kva dei kan gjera for å unngå det, og kva som er sannsynlege føremøner og ulemper. Fokus i dag ligg i alt for stor grad på rådgjeving om konkurranseutsetjing og privatisering, i staden for eigenregi.

Innspel 5: NOUen underkommuniserer problematiske sider ved å delta i den indre finansmarknaden og korleis denne marknaden har medverka til finanskrisen. NOUen påpeikar rett nok at EØS-avtalen har vore den sentrale koblingsentralen til den internasjonale finansmarknaden for Noreg, og at omfanget av finanslovgjeving som har kome gjennom EØS-avtalen har vore langt større enn det såg ut til da avtala vart inngått. (jf. vår arbeidsplan: Finanskrisen i Europa - belyse EØS-avtalens konsekvenser på dette politikkområdet.)

Attac vil vise til NOU s. 624, og dissens frå medlemmet Seierstad NOU s. 626, som vi sluttar oss til.

Attac føreslår:

Frislepp av marknadskrefter er i stor grad resultat av politiske val. I kjølvatnet av dette frisleppet har det kome ei global finanskrisa. Politiske val må derfor til, også for å løyse finanskrisa. EØS-avtalen pålegg Noreg eit frislepp av marknadskrefter på stadig fleire område. Norske folkevalte bør hindre dei verste utslaga av dette, mellom anna ved å nytte vetoretten og vera selektiv i kva delar av EU-retten ein vel å tilpasse seg. Dette er blant dei fremste verktøya norske folkevalte har for å hindre ei ny finanskrisa.

Konklusjon

Attac helsar debatten om EØS-avtalen velkomen. Vi føreslår per i dag ingen konkrete alternativ, men viser til den latin-amerikanske ALBA som døme på at det er muleg å organisere handelssamarbeid etter heilt andre prinsipp. Samstundes registrerer vi at prosjektet *Alternativer til dagens EØS-avtale* har kome med ein grundig rapport som skisserer ein del alternativ som fortener merksemd. Oppsummeringsvis føreslår Attac følgjande:

1. Erkjenning av at både EØS-avtalen og heile EU-systemet lir av eit stort demokratisk underskot, inkludert ei utvikling av avtalen som det ikkje var mandat for ved avtaleinngåinga.
2. Sikre at avtalefridomen for partane i arbeidslivet ikkje blir overstyrt av EU- og EØS-rett. Mellom anna ved å vera aktiv i dei politiske EØS-organa og ved tydeleg lovgjeving og presisering av relevante rettskjelder. Noreg må vurdere å trekkje heile arbeidslivsområdet ut av avtaleverket med EU.
3. Hindre, og gjerne fjerne, dei sterkaste innslaga av marknadliberalisme. Vurdere handelsavtalar basert på prinsipp om solidaritet og respekt for nasjonal suverenitet.
4. Gjera mest muleg for å unngå EØS-regelverk lokalt, i dei tilfella det er eit hinder for gode vedtak. Informasjonsarbeid frå staten omkring EØS-regelverket og mulegheiter for eigenregi.
5. Ikkje bidra til den øydeleggjande globale finansmarknaden vi ser i dag.